

Naturfagsenterets påskelabyrint 2025

På sporet av evolusjon



Destinasjon #1 – største øy i øygruppe

De startar reisa på ei øygruppe med mykje urørt og rå villmark. Her er det ingen tre, men både fjell og fjord. Nokre av fjellsidene er fossile skattkammer som fortel om historia til livet gjennom hundre millionar av år. Ein føremiddag i 2015 gjorde eit spesielt naturfenomen at området vart heilt mørkt i om lag eitt minutt. På den korte bussturen frå flyplassen, køyrer de forbi ein heilt spesiell bank. De sit attom to forskarar som fortel at det er eit langt år sidan førre gongen dei besøkte den største busetjinga på øya, og at dei for tida syslar med korleis fiskeøglene utvikla seg etter den største masseutryddinga gjennom tidene.



Foto: Pål Solum, NRK

Destinasjon (3p): _____

Ekstrapoeng for

- naturfenomen som gjorde det mørkt (1p): _____
- namn på busetjing (1p): _____
- namn på «bank» (1p): _____
- kjent fysikar og matematikar som det høgaste fjellet på øya er kalla opp etter (1p): _____

Destinasjon #2 – landområde

I jakta på spor etter det første fleircella livet, tek de ein veeldig lang flytur. De landar på toppen av eit kontinent, i ein by kalla opp etter ein kjent evolusjonsforskar. No vil det ta omtrent 28 timar å køyre bil sørover til staden de skal besøke. Det kan høyrast lenge ut, men i geologisk tid er det gjort på eit blunk! De stoppar omlag 50 mil før Adelaide, på ein stad som er berømt for flott natur og geologisk rikdom. De finn 600 millionar år gamle sandsteinar med harde spor av blaut, gamal fauna, kalla opp etter staden. Og ifølgje det stadnamnet betyr, bør det også finnast ein viktig føresestnad for liv her.



Destinasjon (3p): _____

Ekstrapoeng for

- namn på by de landa i (1p): _____
- namn på fauna (1p): _____
- det stadnamnet betyr (1p): _____

Destinasjon #3 – hovudstad

– Eg ser eit fjell, seier du og feirar framkomsten til denne hovudstaden med ein tango på dekk. De går av båten og møter på ein fotballspelar med fornamn som er likt ein by de allereie har vore i. No er han heime for å spele med landslaget, og han går heller aldri åleine på klubblaget sitt resten av året. Han synest det er stas å møte nordmenn, for i same by som klubblaget hans held til, finst det eit nasjonalmuseum med ei samling fossil frå Conrad Møller – ein nordmann som budde i denne byen på slutten av 1800-talet. Samlinga kjem truleg frå eit steinbrot i hovudstaden, og de bestemmer dykk for å reise dit. Der møter de ein guide som skin opp av historia om Conrad. Guiden kan nemleg fortelje at Charles Darwin kjøpte ein hovudskalle av eit utdøydd pattedyr (hovdyr) i dette området. Han fortel vidare at det finst ein hovudskalle frå same dyr, også gitt av Conrad, på eit kjent museum i Oslo. – Litt av eit samantreff, humrar han og gir dykk ein lapp de skal levere i Oslo.



Foto: WereSpielChequers, CC BY-SA 3.0

Destinasjon (3p): _____

Ekstrapoeng for

- namn på klubb (1p): _____
- namn på fotballspelar (1p): _____
- namn på utdøydd pattedyr (1p): _____

Destinasjon #4 – museum

Etter ei lang reise kjem de til ein stad der det finst spor etter historiske overgangar i både politisk, naturhistorisk og konkret forstand. De er mest opptekne av å finne eit museum med det naturhistoriske sporet, nemleg fossilet av ein urfugl. Men dette er ikkje den same fuglen som finst i statsflagget til landet de er i. Det er ein fin vårdag, og de vel å spasere litt under lindene før de besøker museet. Da får de også sett eit monument som ein nordmann song om i Eurovision for 35 år sidan.



Foto: Raimond Spekkin, CC BY-SA 4.0

Destinasjon (3p): _____

Ekstrapoeng for

- namn på fossil (1p): _____
- monument (1p): _____
- nordmann som song (1p): _____

Destinasjon #5 – tidlegare oljeskiferbrot

Reisa går vidare litt vestover og sørover, til eit gamalt oljeskiferbrot som er verdssett av UNESCO. Her møter de ein gjestfri museumstilsett som heiter Dr. Klaus og har eit noko geometrisk etternamn. Han har teke turen frå tettstaden i nærleiken, og vinklar fort samtalen inn mot det han kan mykje om. Han fortel at dette området er kjent for godt bevarte restar av eit heilt økosystem som til og med er eldre enn den velkjente fjellkjeda lenger sør. Mange av dyra som da levde i eller rundt ein innsjø her, vart plutselig kvelt av eit utbrot frå djupet, seier han. Han blir enda ivrigare når han høyrer at de kjem frå Noreg: – Da har de kanskje sett fossilet som er det eldste komplette skjelettet av ein primat. Ho vart funnen her!



Foto: Marit M. Simonsen, CC BY NC-SA 3.0

Destinasjon (3p): _____

Ekstrapoeng for

- namn på fossil av primat (1p): _____
- namn på fjellkjede (1p): _____
- etternamnet til Klaus (1p): _____

Destinasjon #6 – museumsbygning

Heime i Noreg skundar de dykk attende til museet for å levere lappen frå guiden de møtte tidlegare. På lappen står det «¿Podrías enviarme las medidas de la calavera de *Toxodon*, por favor?». Her er det mange bygningar som huser godt klima for formidling av naturfaga. For å finne rett bygning, spør de ei av alle i eit følgje som kjem ut frå ein mykje besøkt hage som vart etablert i 1814. Kvinna verkar veldig kjent og fortel at du nok har sett henne på TV. – Sjølv om eg er fysikar, veit eg godt at de skal til den bygninga, seier ho og peikar. – Der har dei nemleg to ekte dinosaurskjelett no, og eitt av dei heiter det same som meg. Tenk det, *Darwinius* og meg i same bygg!



Foto: Jørn Hurum

Destinasjon (3p): _____

Ekstrapoeng for

- kallenamn på dinosaurane (1p): _____
- namn på programleiar og fysikar (1p): _____